

Noregs Ungdomslag

LandsStemna og årsmøtet 1973

28.juni—1.juli

KVINNHERRAD

HUSNES

OMVIKDALEN

ROSENDAL

USKEDALEN

Program



Kort om Kvinnherad

Største kommunen i Sunnhordland/Hardanger med 12.300 menneske.

Omfattar det største området på vestsida av Folgefonna mot Hardangerfjorden, og har ei flatevidd på vel 1100 km².

Kommunal administrasjon og statlege kontor: Rosendal. Ordførar Jens Arnesen (H).

Kommunen sitt bruttobudsjett 1973: Vel 42 mill. kroner.

Industri: Største fabrikk er Soral på Husnes med ca. 600 tilsette. 6 skipsbyggeri med vel 400 tilsette. 2 hermetikkfabrikkar, 1 ullvarefabrikk og ei lang rekkje mindre verksemdar med produksjon av ymse slag.

Godt jordbruk. Meieri, avdeling av Gartnerhallen, saueforsøksgard.

Undervisning: Gymnas, yrkesskule, folkehøgskule, 4 ungdomsskular og ca. 30 barneskular.

Store kraftressursar. Folgefonnaanlegga er ferdig til hausten. Blåfalli-anlegga er framleis under utbygging. Investering i storindustri og kraftutbygging dei siste åra: Vel 800 mill. kroner.

Historiske attraksjonar: Rosendal Baroni, ruinar etter Halsnøy kloster og mellomalderkyrkjer i Rosendal og på Ænes.

Kommunikasjonar: Omfattande ferjetrafikk (10 ferjestø), båtsamband med Bergen (også hydrofoilruter. Stogg Sunde). Lokal taxi- og ambulanseneste med fly.

Praktiske opplysningar

STEMNEKONTORET

er i Husnes Samfunnshus og har ope kvar dag under stemnet frå kl. 08.00-24.00 (Onsdag frå 12.00) Kontoret har nattevakt som ein kan nå over telefon 5440. På stemnekontoret ordnar ein innkvartering og gjev opplysningar.

Det er og høve til å levera inn ting for oppbevaring.

POST — TELEFON — BANK

På stemnekontoret er det eige brevhus med motivatostempel og postsparebankteneste.

Det er elles postopneri i alle stemnebygdene.

Rikstelefonstasjonen ligg i Uskedalen, men det er høve til å ordna rikstelefonamtalar på stemnekontoret.

Kvinnherad Sparebank har hovudkontor i Rosendal og filialar i dei andre stemnebygdene.

Den norske Creditbank har avdelingskontor i Husnes Butikksenter.

NYTTIGE TELEFONAR

Røde Kors Hjelpekorps har vaktteneste på dei aktuelle stader under stemna og kan i tilfelle tilkallast over telefon 011.

Dokortenensta går etter turnusordning og i helga kan ein nå vakthavande doktor over telefon 011.

Politi kan tilkallast over telefon 8228.

BILLETTAR

får du kjøpt på stemnekontoret kvar dag kl. 12.00 —20.00.

Billettar ved inngangen 1 time før kvar tilskiping. Dansebillettar ved inngangen etter tilskipinga dersom plassen tillet det.

TELTPASS

Stemnetelt plassen er idrettsbanen ved Husnes Ungdomsskule.

*Familietelt*plassen er ved Undarheim gamle skule. Me har avtale med *Rabben Camping i Uskedalen* om plassering av ein del telt til *stemnepris*.

OVERSYN OVER MATUTSAL: HUSNES

Husnes Motel (frukost, middag, kvelds) Lio Supermarked, kiosken, sal av mjølk, brød m.m. (Ope utover kvelden) Ungdomslaga sin kiosk ved Samfunnshuset.

USKEDALEN

Stemnekafe i Ungdomshuset. Sundag 1/7 frå kl. 12.00 sal av middag og kaffi. — Kiosksal. Torsdag, fredag, laurdag — mat og kaffi frå ca. kl. 16.00.

OMVIKDALEN

Torsdag 28/6 sal av rjomegraut på Kvinnherads-kvelden. Kaffi og kaker vert selt i ungdomshuset. Kiosksal.

ROSENDAL

Rosendal Fjordhotel og Motell
Rosendal Gjestgiveri
(Frukost, middag, kaffi)

Laurdag 30/6 vert opna stemnekafe i Samfunns-
huset kl. 13.00. Sal av middag og kaffi.

PARKERING

Det er ordna med parkeringsplassar i samband med dei ymse tilskipingane. Me ber publikum retta seg etter skilt og vakter.

PROGRAM

FOR LANDSSTEMNA 1973

ONSDAG 27/6

- Kl. 9.00 Teatermøte i Uskedalen skule.
Kl. 15.00 Pressekonferanse, Husnes Motel.
Kl. 20.00 Mottakingsfest i Husnes Samfunnshus.
1. Husnes Musikklag spelar
2. Bunadsutstilling
3. Musikk og song av musikkgruppa til Husnes u.l.
4. Bodstikka kjem.
5. Velkome-helsingar frå ungdomslaga i Husnes, Uskedalen, Omvikdalen og Rosendal.
6. Song av Husnes Mannskor.
7. Dans etter Markhus kvartett.
Slutt kl. 00.30.

Kvinnherad Bok- & Papirhandel L/L

Rosendal — Tlf. 8257

GARTNERHALLEN

Dimmelsvik — Tlf. 8369
Stord — Tlf. 10634

TORS DAG 28/6

Kl. 10.00 Opning av årsmøtet i Husnes Samfunnshus.

1. Musikk av Husnes skulemusikk.
2. Prolog av Helga Mehl.
3. Song av Clara Skaala.
4. Musikk av Lars Amund Vaage
5. Helsingar.

Kl. 19.30 Kvinnheradveld på Holmen i Omvikdalen.

1. Musikk av Rosendal Musikklag.
2. Tankar omkring ei stemnebygd, av Bjarne Aarseth.
3. Musikk av Godskalk Klette.
4. Omvikdalen u.l. syner spelstykket «Laurdagsskveld til støls».
5. Visesong av Åse Hellesøy.
6. Sunnhordlands-springaren.
7. Bål.

Kl. 22.00 Dans i Rosendal Samfunnshus med musikk av Markhus kvartett.

Dans i Omvikdalen ungdomshus med musikk av Pearly Shells.
Slutt kl. 01.00.

Kl. 24.00 Natteater i Uskedalen ungdomshus.
Slindringen u.l.: «Blåpapiet» av H. Krog

MØBLAR

i stort utval
på 400 kvm. golvflate

Rosendal
Møbelforretn.

Tlf. 8422

Mo Auto

Dimmelsvik

Bensinstasjon
Bilverkstad

FREDAG 29/6

Kl. 09.00 Årsmøtet held fram i Husnes.

Kl. 17.30 Husnes skule: «Det lille teater frå Flensburg».

Kl. 20.00 Husnes skule: Amatørmønstring. Vingen u.l.: «Om desse steinane kunne tala». Leik og dans med musikk av Eikås kvartett.

Husnes Samfunnshus: Leik og dans med musikk av Markhus kvartett.

Uskedalen ungdomshus: Dans etter musikk av Pearly Shells.

Slutt kl. 01.00.

Kl. 20.00 Rosendal samfunnshus: Skodespel. Mundheimsdalen u.l.: «Henrik og Pernille» av Ludvig Holberg.

Kl. 24.00 Natteater i Uskedalen skule.
Uskedal u.l.: «Dreng som duger» av Jørgen Vikør.

Til leikaringar o.a.

Valen psykiatriske sjukehus har mange pasientar som ikkje får del i stemna. Ein vil difor be om at leikarringar og andre som kan by underhaldning for pasientane der, tek ein tur til Valen. — Det same gjeld Kvinnherad alders- og pleieheim i Rosendal.

Kvinnherad Ysteri

SEIMSFOS

LAURDAG 30/6

- Kl. 09.00 Årsmøtet held fram.
Kl. 16.00 Bilkortesje til Rosendal.
Kl. 17.30 Bunadstoget stiller ved Rosendal ungdomsskule.
Kl. 18.00 Toget går gjennom Rosendal.
Musikk av:
1. Rosendal Musikklag.
2. Rosendal skulemusikk.
3. Uskedalen Musikklag.
4. Uskedalen skulemusikk.
5. Herøysund Musikklag.
Kl. 19.00 Hagefest ved Rosendal Baroni.
1. Fellesnummer av musikkklaga.
2. «Fest for dei kondisjonerte.»
3. «Fest for almugen.»
Tidsbilete. Manus av Rolf Losnegaard i samarbeid med Vestlandske Teaterlag. Sett i scene av Arne Gloppstad.
4. Rosendal Songlag.
Kl. 21.00 Rosendal samfunnshus: Leikfest. Musikk av Eikås kvartett.
Ved Rosendal ungdomsskule: Asfaltdans
Musikk av Markhus kvartett.
Husnes samfunnshus: Dans etter musikk av Pearly Shells.
Kl. 23.30 Vardane vert kveikte.
Kl. 24.00 Natteater i Omvikdalen ungdomshus.
Hordalaget i Oslo: «Helten på den grønne øya».

LJOS — KRAFT og VARME





Kvinnherad Kraftverk

Rosendal

Tlf. 8135 — 8136

SUNDAG 1/7

- Kl. 11.00 Stemnegudsteneste på stemnestaden i Uskedalen ved biskop Juvkam og sokneprest Sjursen.
Song av Husnes kyrkjekor og Husnes Mannskor.
Musikk av Uskedalen Musikklag.
Kl. 14.00 Stemnetoget stiller.
Kl. 14.30 Stemnetog gjennom Uskedalen.
Musikklag:
1. Husnes Musikklag.
2. Uskedalen Musikklag.
3. Uskedalen Skulemusikk.
4. Rosendal Musikklag.
5. Herøysund Musikklag.
Kl. 15.30 Hovudstemna.
1. Fellesnummer av musikkklaga.
2. Tale av Jon Leirfall.
3. Leik-framsyning.
4. Visesong av Nils Røttingen.
5. Folkemusikk av Sigmund Eikås.
6. Sunnhordlands-springaren.
7. Amatørmønstring — Innslag.
8. Husnes Mannskor.
9. Overlevering av stemneflagget.
Kl. 20.00 Husnes skule: Skalkefest.
1. «Kven veit?»
2. Song og stubbar av Petter Tjelle
3. Mat.
4. Song og musikkgruppa til Husnes u.l.
5. Hordaland u.l. 75 år
Harald Bolstad talar.
6. Leik og dans.
Musikk av Eikås kvartett.
Kl. 21.00 Husnes Samfunnshus. Leik og dans.
Musikk av Markhus kvartett.
Slutt kl. 24.00.



TURTILBOD

TORS DAG

Båttur frå Husnes via Uskedalen til «Kvinnherad-kvelden» i Dimmelsvik. Båten går frå Husnes kl. 17.20 og 18.30, og er i Uskedalen (Myklebust kai) ca. 20 minuttar etter avgang frå Husnes. Det vert retur når festen er slutt.

FREDAG

Omvisning i den nye kraftstasjonen i Austrepollen som ligg omlag 1 km. inne i fjellet. Kraftstasjonen ligg ca. 200 meter frå sjøen. Omvisninga startar kl. 12.00.

Turen går med båt frå Husnes kl. 10.00 via Uskedalen (Myklebust kai) ca. kl. 10.20, Omvikdalen ca. kl. 10.35 og Rosendal ca. kl. 10.45.

På tilbaketuren går båten innom Ænes der det vert omvisning i Ænes kyrkje, ei 800 år gamal steinkyrkje.

Pris pr. person kr. 15,00.

Fredag vil det verta høve til ein fjelltur. Turar med førarar til Ulvanosi (1247 m) i Uskedalen og Melderskin (1426 m) i Rosendal. Møteplass for deltakarar til desse turane vert Ungdomshuset i Uskedalen og Samfunnshuset i Rosendal, begge stader kl. 8.30. Turane er krevjande, og det tek minst 3 timar til topps.

LAURDAG

«Det ånder en tindrende sommerluft, varmt over Hardangerfjords vande», — dette vil me gjerne dela med våre gjester, og det vert laurdag arrangert eit fire timars fjord-cruise. På denne turen vil ein få sjå skjergardsidyll og kloster-ruinar, supertankar frå Stord Verft som ligg for anker (280.000 tonn), og det vil verta stogg ved Godøysund Turisthotell som ligg i vene omgivelser, og m.a. er eit siglarsenter. Pris kr. 15,00. På Godøysund blir det høve til å kjøpa mat.

Turen går frå Rosendal kl. 08.30 med stopp i Omvikdalen og Uskedalen (Myklebust kai) og er på Husnes ca. kl. 09.30.

TURAR MED PRIVATBIL SOM VI RÅR TIL:

Frå Nordrepollen (Mauranger) går det anleggsveg til 1100 m.o.h. (Omlag 30 min. til topps).

Frå Omvikdalen går det veg over til Matre og til Åkra. Ein veg fører opp til Blådalen (anleggsveg) der Sunnhordland Kraftlag driv utbygging.

Dei historiske minnesmerka Ænes kyrkje og Kvinnherad kyrkje i Rosendal og landets einaste baroni, Rosendal Baroni, når me også med bil. Kyrkjene er opne (omvisning) fredag og laurdag mellom kl. 14.00 og 15.00. Baroniet er ope kvar dag kl. 10.30—18.00.

FLY — BÅT

Det lokale flyselskapet, Fonnafly A/S, er disponibelt for taxi- og turtrafikk. Flyselskapet har i turistsesongen stor trafikk med rundflyging over Folgefonna. Dette er ei spesiell oppleving, og dei som kryssar Folgefonna med selskapet sine fly, får ein spesiell diplom for dette. Med fullt fly (5 personar) kostar ein slik tur kr. 80.00 pr. person.

I Rosendal ligg det turbåt som er ledig for oppdrag.


RIDETURAR

Sunnhordland Ritell har hestar stasjonerte på Valen (ca. 6 km frå Husnes), og Kvinnherad Ritell i Uskedalen.

Dei som er interesserte i rideturar, kan melda seg på stemnekontoret. Sjå oppslag på stemnekontoret.

— — — —

Me gjer merksam på at påmelding til turane skjer på stemnekontoret. Påmeldingsfristen er 1 time før avgang for alle turane, unnateke laurdagsturen der påmelding er fredag, seinast kl. 24.



Taxi - ambulanse - frakt - rundflyging

Ein heilt spesiell turistattraksjon som tilreisande bør nytta seg av: *Flytur over Folgefonna* kr. 400,— (plass til 5).

Booking: Flyhamna Rosendal
Rosendal Fjordhotel
Husnes Motel

EIT REINT BYGDETILTAK:

F F **FONNAFLY**

Tlf. 8164 - 8140
5470 ROSENDAL

EKSTRA-RUTER MED BUSS:

Torsdag

frå Sunde 18.30 Husnes 18.45 Omvikdalen 19.30

Laurdag

frå Sunde 15.45 Husnes 16.00 Rosendal 17.00

Laurdag

frå Sunde 18.00 Husnes 18.15 Rosendal 19.00

Sundag

frå Sunde 10.15 Husnes 10.30 Uskedalen 10.55

Sundag

frå Sunde 13.00 Husnes 13.10 Uskedalen 13.45

Onsdag

frå Rosendal 19.00 Husnes 19.45

Torsdag

frå Rosendal 9.00 Husnes 9.45

Fredag

frå Rosendal 8.15 Husnes 9.00

Fredag

frå Rosendal 19.00 Husnes 19.45

Laurdag

frå Rosendal 8.15 Husnes 9.00

Sundag

frå Rosendal 10.15 Uskedalen 10.45

Sundag

frå Rosendal 13.00 Uskedalen 13.30

Det vert sett opp returbussar etter alle tilskipingar, både til Rosendal og Sunde.

Opplysningar om dei ordinære buss-, båt- og fergeruter får ein på stemnekontoret.

Vi utfører alt i bygningsarbeid, tar også grunnarbeid. Vi har teikningar til hus for husbanklån, og andre, og hjelper til med planlegging og søknader.

Byggm. KARSTEN HAAVIK

Herøysundet — Tlf. 7312

Byggm. GODTFRED BAKKE

Uskedalen — Tlf. 7330

Du finn
Sparebankane
1200 stader
i Noreg

*Du som skal reisa —
vel ein Sparebank*



**Kvinnherad
Sparebank**

Ein aktiv og moderne bygdebank
til teneste 27 stader i Kvinnherad



- LAGET

HELSAR ALLE STEMNEDEL-
TAKARANE VELKOMNE TIL
BYGDENE VÅRE

Velkomne til trygt kjøp i S-laget

Kvinnherad Samyrkelag

avd. 1 Uskedalen

avd. 3 Rosendal

avd. 2 Sunde

avd. 4 Omvikdalen

Den norske Creditbank

5460 Husnes

Telefoner: 5037 — 5038

*Velkommen
til Kvinnherad*

og

Husnes Motel

KAFETERIA — KRO
RESTAURANT
ØL OG VINRETT
DANS

Vertskap:
Hildur og Otto Blokhus
Telefoner: 5350 — 5351

STYRET I NOREGS UNGDOMSLAG

Egil Ytrearne, Bygdslagssamskipnaden i Oslo
Svein Kongsjord, Nordland Ungdomsfylking
Ottar Vandvik, Rogaland Ungdomslag
Jostein By, Inntrøndelag Ungdomssamlag
Tormod Myrjord, Telemark Ungdomslag

1. varamann:

Thore Jarl Lindaas, Nordmøre Ungdomslag

HOVUDNEMNDA

FOR NU-LANDSSTEMNET 1973


Stemneformann *Bjergulv Eik*
Stemnesekretær *Arne Ingemar Djuvsland*
Programnemnd *Knut Langesæter*
Styremedlem
i Hordaland u.l. ... *Marit Sofie Myklebust*
Stemnekasserar *Ansgar Bjelland*

Desse 5 har vore arbeidsutval.

Billettneemnd *Solveig Haugland*
Kontor- og
innkvarteringsnemnd *Ansgar Bjelland*
Matnemnd *Harald Hjønevåg*
Ordens- og
parkeringsnemnd ... *Jørgen Markhus*
PR-nemnd *Margot Lea*
Pyntenemnd *Anne Byklum*
Ryddeneemnd *Marit Sofie Myklebust*
Stemneplasseemnd ... *Leif Næs*
Teknisk nemnd *Per Myklebust*
Teltplasseemnd *Arne Ingemar Djuvsland*
Transportnemnd *Oddbjørn Tangstad*
Turnemnd *Jørgen Hass*

Styret og tenestefolk i Noregs Ungdomslag, og hovudnemnda for stemnet har namneskilt på jakkeoppslaget.

Velkomen til **Landsungdoms-stemna**



Velkomen til **«BRYGGEKOS»!** med dans og enkel servering

Kvar kveld under «Landsungdomsstemna 73» blir det «HAGEFEST» på hotellets terrasse mot Hardangerfjorden. — Utegrill, 4-manns orkester, danseplass for 500, alle turist-hotell-rettar.

Vi minner om våre andre etablissemant: Kafeteriaen ved Fjordhotellet — Kafeteriaen ved Gjestgiveriet (ved d/s-kaia) og Rosendal Camping.

Daglege fiske- og fjord-turar med skøyta vår «Baronessen». — Booking for Fonnafly (taxi-fly).

- Og du som kjem hit frå by og stad,
- frå heile vårt vidstrekke land:
- Kom og sjå sola i midtsumarglad
- frå Rosendals saga-strand.

Velkomen til oss

Rosendal

Fjordhotel

ANNEMOR OG ALV BREDE
TELEFON 8105